

Høyringsuttale



Referansenummer: AMVCFK

Registrert dato:

28.09.2018 12:27:11

| Innleiing | |
|---|-----------------------|
| Uttalen blir gjeven | |
| <input checked="" type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining | |
| Opplysningar om innsendaren | |
| Fødselsnummer XXXXXXXXXX | |
| Førenamn Katrine | |
| Etternamn Dåe | |
| Adresse Molland 181 | |
| Postnummer 5986 | Poststad HOSTELAND |
| Telefon | |
| E-post | |
| Opplysningar om føretak/lag/foreining | |
| Organisasjonsnummer | |
| Føretak/lag/foreining FAU Nordbygda skule | |
| Adresse Fensfjordvegen 474 | |
| Postnummer 5986 | |
| Poststad Hosteland | |
| Telefon | |
| Telefaks | |

| Uttale |
|--|
| Har du/dere fått høyringssaka i adressert sending frå kommunen |
| <input checked="" type="radio"/> Nei |
| Namnet på høyringssaka Samanslåing av ungdomsskular - høyring |
| Høyringsbrevet frå kommunen er datert |
| Saknr./ref.nr. |

34/2018

Uttale til saka

Høyringsinnspel - samanslåing av ungdomsskular

FAU Nordbygda stiller seg svært positive til ei samanslåing av ungdomstrinna ved Nordbygda og Sandnes skule.

Me meiner ei samanslåing av ungdomstrinna vil styrke det faglege og det sosiale miljøet for elevane.

Det faglige med tanke på at det vil vere lettare å skaffe nok lærarar med rett kompetanse. Og då kunne inneha kompetansen til å kunne tilby fleire ulike valfag. FAU Nordbygda vonar at samanslåinga fører til at ein unngår å ha felles undervisning på tvers av dei ulike klassetrinna.

For ungdomstrinna er det viktig å få eit større sosialt miljø, slik at elevane har fleire på sin alder å spele på lag med, og det vil vere lettare for dei å finne sine vener. Ein auke av tal elevar er 'og viktig med tanke på det å førebu seg til større klassar på vidaregåande skule. I tillegg skaper ein fellesskap på tvers av bygdene i kommunen.

FAU Nordbygda ynskjer samanslåing uavhengig av plassering, og oppfordrar kommunestyret til å halde plassering utanfor i avgjersle om samanslåing av ungdomsskulane i denne omgang. Det er likevel kome innspel frå foreldre at det vil vere ein fordel med plassering av ungdomstrinnet på Hosteland for dei elevane med ei funksjonshemming, då det lettar samarbeidet med Svingen og lege.